



Innst. 81 L

(2014–2015)

Innstilling til Stortinget fra arbeids- og sosialkomiteen

Prop. 14 L (2014–2015)

Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om endringer i folketrygdloven og enkelte andre lover (samleproposisjon)

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I proposisjonen blir det fremja forslag om endringer i følgjande lover:

- lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov 16. desember 2011 nr. 59 om endringer i folketrygdloven (ny uføretrygd og alderspensjon til uføre)
- lov 20. juni 2014 nr. 24 om endringer i folketrygdloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (tilpasninger til ny uføretrygd i folketrygden og ny uførepensjonsordning for offentlig tjenstepensjon) del XVI
- lov 29. april 2005 nr. 21 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg
- lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott
- lov 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltningen
- lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs
- lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett

Forslaga gjeld:

- Oppheving av ferietillegget i dagpengeordninga og tilsvarende ferietillegg til dei særskilde juke-

pengane til dagpengemottakarar – sjå kapittel 2 i proposisjonen.

- Endring av barnetillegget i uføretrygda frå behovsprøvd til eit standardisert barnetillegg frå 1. januar 2016 – sjå kapittel 3 i proposisjonen.
- Endring av perioden med rett til overgangsstønad vert etter hovudregelen redusert frå tre til eitt år eller fram til barnet får rett til barnehageplass etter barnehageleva § 12 a – sjå kapittel 4 i proposisjonen.
- Endring i folketrygdlova § 22-8 slik at det kan gjerast frådrag for meirutbetalingar av tillegg etter folketrygdlova § 19-9 og § 19-14 femte ledd, når ein ektemake som det er gjeve forsørgingstillegg for får etterbetalt ei eiga yting for den same perioden – sjå kapittel 5 i proposisjonen.
- Oppheving av regelen i folketrygdlova § 25-5 a om sanksjonar ved sjukmeldars brott på plikt til å delta i dialogmøte – sjå kapittel 6 i proposisjonen.
- Avvikling av forsørgingstillegg for barn og ektemake under 67 år til mottakarar av supplerande stønad – sjå kapittel 7.
- Endring i forskotteringslova for å reflektere endringer i andre lover – sjå kapittel 8 i proposisjonen.
- Unnatak frå forvaltningsmessig teieplikt i arbeids- og velferdsforvaltningslova – sjå kapittel 9 i proposisjonen.
- Retting av heimelstilvisningar i konkursloven og dekningsloven.) – sjå kapittel 10 i proposisjonen.

Lovendringane er naudsynte og følgjer av forslag som er fremja i Prop. 1 S (2014–2015) Statsbudsjettet. I tillegg vert det foreslått einskilte lovtekniske justeringar, presiseringar og opprettingar i folketrygdlova, forskotteringslova, konkurslova og i dekningslova.

Det vises til kapittel 11 i proposisjonen der det er gjort greie for merknader til dei einskilde paragrafane i lovforslaget.

1.2 Oppheving av ordninga med ferietillegg til dagpengane – folketrygdlova § 4-14 og § 8-49

1.2.1 Forslag

Det foreslås å oppheve ordninga med ferietillegg til dei som mottok dagpengar under arbeidsløyse eller som får sjukepengar på grunnlag av dagpengane.

Det vises til kapittel 2.2 i proposisjonen der det gjerast greie for gjeldande rett og kapittel 2.3 der det er gjort nærmare greie for vurderingar og forslag frå departementet.

Ferietillegget til dei særskilde sjukepengane, som er heimla i folketrygdlova § 8-49 fjerde ledd, vart grunngeve på same måte som ferietillegget til dagpengane. Som følgje av at ferietillegget til dagpengane vert avvika, bør difor det særlege ferietillegget til sjukepengane også avvika. Det foreslås difor å oppheve folketrygdlova § 8-49 fjerde ledd tredje punktum. Det foreslås ikkje endringar i dei ordinære reglane for feriepengar av sjukepengar etter folketrygdlova § 8-33.

Det vises til lovforslaget.

1.2.2 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Det foreslås at endringa trer i kraft 1. januar 2015, men slik at dei som har tent opp rett til ferietillegg i 2014 får dette utbetalt som om reglane fortsett gjeld. Det kan gis nærmare reglar om dette i forskrift.

Endringa vil ikkje ha økonomiske konsekvensar i 2015, men vil føre til ein reduksjon av dagpengeutbetalingane for 2016 på om lag 1 mrd. kroner. Avviklinga av ferietillegget inneber også ei administrativ forenkling.

1.3 Omlegging til standardisert barnetillegg til mottakarar av uføretrygd – folketrygdlova §§ 12-14, 12-15 og 12-16

1.3.1 Forslag

Barnetillegget til uføretrygda bør vere på nivå med barnetillegget til arbeidsavklaringspengane. Det foreslås difor at det behovsprøvde barnetillegget frå 1. januar 2016 vert erstatta med eit standardisert barnetillegg på nivå med det tillegget mottakarar av arbeidsavklaringspengar får.

Forslaget inneber at nye mottakarar av uføretrygd etter 2016 som har forsørgingsansvar for barn under 18 år får barnetillegg med 7 020 kroner per år per barn. Til samanlikning utgjer dagens behovs-

prøvde barnetillegg før ev. avkorting og reduksjon 35 348 kroner per barn per år (G per 1. mai 2014).

Barnetillegget skal avkortast etter trygdetid, gradast etter uføregraden og reduserast på grunn av arbeidsinntekt over inntektsgrensa. Det foreslås òg ei overgangsordning for eksisterande mottakarar av behovsprøvd barnetillegg.

Det vises til kapittel 3.2 i proposisjonen der det gjerast greie for gjeldande rett, herunder behovsprøvd barnetillegg til uføretrygd og standardisert barnetillegg til mottakarar av arbeidsavklaringspengar.

Det vises til kapittel 3.3 i proposisjonen der det er gjort nærmare greie for vurderingar og forslag frå departementet.

Føresegnene om uføretrygd og dei behovsprøvde barnetillegga går fram av endringslova. Frå 1. januar 2015 vil desse føresegnene verte tatt inn i folketrygdlova. Dei aktuelle lovendingane frå 1. januar 2016 vil dermed gjelde folketrygdlova, slik ho vert endra ved lov 16. desember 2011 nr. 59 om endringar i folketrygdlova (ny uføretrygd og alderspensjon til uføre).

Det vises til lovforslaget, folketrygdlova § 12-14 andre leddet og § 12-15 og oppheving av folketrygdlova § 12-16.

1.3.2 Iverksetjing. Overgangsreglar og økonomiske og administrative konsekvensar

Det foreslås at endringa trer i kraft frå 1. januar 2016 og får verknad for mottakarar av uføretrygd som har omsorg for eller får omsorg for barn under 18 år etter 31. januar 2015 som dei ikkje allereie mottok barnetillegg for. Det nye standardiserte tillegget skal gjevast til eksisterande mottakarar av uføretrygd med barn og som ikkje har rett til behovsprøvd barnetillegg per 31. desember 2015. Det nye tillegget skal også gjevast til mottakarar av uføretrygd som allereie mottok behovsprøvd barnetillegg om dei får nye barn.

Det foreslås ei overgangsordning for eksisterande uførepensjonistar med barnetillegg. Overgangsordninga inneber at innvilga barnetillegg per 31. desember 2015 skal frysast og at det skjer ei gradvis avvikling av tillegget gjennom ein treårsperiode. Det nominelle beløpet for barnetillegget vert trappa ned til 3/4 i 2016, 1/2 i 2017 og 1/4 i 2018. Frå 2019 vil dei ha rett til det nye, standardiserte barnetillegget.

Forslaget er rekna å gi ei netto innsparing på 45 mill. kroner i 2016, 322 mill. kroner i 2017, 527 mill. kroner i 2018 og ei innsparing på 586 mill. kroner i 2019.

Forslaget inneber ei stor forenkling av saksbehandlinga og vil dermed gi reduserte administrative kostnader for Arbeids- og velferdsetaten.

1.4 Reduksjon av perioden med rett til overgangsstønad frå tre til eitt år – folketrygdlova § 15-6

1.4.1 Innleiing

Det foreslås at perioden med rett til overgangsstønad som hovudregel vert sett til eitt år eller fram til barnet får rett til barnehageplass etter barnehage-lova § 12 a.

Det vises til kapittel 4.2 i proposisjonen der det gjerast greie for gjeldande rett og kapittel 4.3 der vurderingar og forslag frå departementet er nærmare gjort greie for.

Det vises til lovforslaget.

1.4.2 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Det foreslås at endringa vert sett i kraft 1. januar 2015 for nye tilfelle av overgangsstønad. Det vil bli gitt forskrift med nærmare presiseringar om kven som skal reknast som nye tilfelle. Endringa vil ikkje ha økonomiske konsekvensar i 2015, men det er venta ei innsparing i utbetalingane av stønader til einsleg mor eller far i 2016 på om lag 255 mill. kroner.

Endringa vil venteleg ikkje ha nemneverdige administrative konsekvensar.

1.5 Endring i folketrygdlova § 22-8 første leddet

1.5.1 Innleiing

Det foreslås at folketrygdlova § 22-8 første leddet vert supplert, slik at ein kan gjere frådrag for meirutbetalingar av tillegg etter folketrygdlova § 19-9 og § 19-14 femte ledd, når ein ektemake som det er gjeve forsørgingstillegg for får etterbetalt ei eiga yting for den same perioden.

Det vises til kapittel 5.2 i proposisjonen der det gjerast greie for gjeldande rett og kapittel 5.3 der vurderingar og forslag frå departementet er nærmare gjort greie for.

Det vises til lovforslaget.

1.5.2 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Det foreslås at endringa trer i kraft 1. januar 2015. Endringa vil føre til visse innsparingar for folketrygda og i nokon mon administrativt meirarbeid.

1.6 Oppheving av sanksjonsregelen ved sjukmeldars brott på plikt til å delta i dialogmøte

1.6.1 Forslag

I Prop. 102 L (2013–2014) endringar i arbeidsmiljølova og folketrygdlova for å forenkle oppfølginga av sjukmelde frå 1. juli 2014 ble det foreslått å

gjere arbeidet med sjukefråvær enklare for verksemdar og å målrette innsatsen mot dei sjukmelde som har eit særleg behov for tett oppfølging, slik at oppfølgingsarbeidet vert relevant og meningsfylt. I lovforslaget vart det mellom anna foreslått at regelen i folketrygdlova § 25-5 a om sanksjonar ved sjukmeldars brott på plikt til å delta i dialogmøte i sin heilskap skulle opphevast. Ved ein inkurie ble ikkje dette vedteke av Stortinget, og forslaget om å oppheve folketrygdlova § 25-5 a fremjas difor på nytt.

Det vises til lovforslaget, oppheving av folketrygdlova § 25-5 a.

1.6.2 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Det foreslås at endringa trer i kraft straks. Endringa vil ikkje ha store økonomiske eller administrative konsekvensar.

1.7 Endringar i lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

1.7.1 Innleiing

Det foreslås endringar i lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg av 29. april 2005 nr. 21 med sikte på å avvikle forsørgingstillegga til mottakarar av supplerande stønad. Endringane er innarbeidd i budsjettframlegget for 2015.

Det vises til kapittel 7.2 i proposisjonen der det gjerast greie for gjeldande rett og kapittel 7.3 der vurderingar og forslag frå departementet er nærmare gjort greie for.

Det vises til lovforslaget.

1.7.2 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Det foreslås at forsørgingstillegga vert avvikla frå 1. januar 2015, og lovendringa knytte til dette må difor tre i kraft frå denne dato. Tilpasningane i lov 20. juni 2014 nr. 24 om endringar i folketrygdloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (tilpasningar til ny uføretrygd i folketrygden og ny uførepensjonsordning for offentlig tjenstepensjon) bør likevel tre i kraft straks, slik at dei er på plass når denne endringslova trer i kraft 1. januar 2015.

Det foreslås at utviklinga av forsørgingstillegga til supplerande stønad berre skal gjelde saker der stønadsperioden, eller ein ny stønadsperiode, tek til tidlegast frå 1. januar 2015 (supplerande stønad vert gjeven for 12 månader om gongen). Avviklinga av forsørgingstillegga får difor full effekt først i 2016. Ein reknar med at endringane vil føre til ei innsparing i utgiftene til supplerande stønad på i alt 7,6 mill. kroner i 2015, og 15 mill. kroner i 2016 (heilårseffekten).

Endringane gjer at om lag 250 mottakarar av supplerande stønad vil få reduserte ytingar. For mottakarar av full stønad utgjer reduksjonen 16,7 pst. ved forsørging av eitt barn og 20 pst. ved forsørging av ektemake (utan forsørging av barn).

Endringa vil venteleg i nokon grad redusere arbeidet med ordninga for supplerande stønad, men ikkje i ein slik grad at det kan påverke budsjettet.

1.8 Endringar i forskotteringslova

1.8.1 Forslag

Det foreslåas justeringar i lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott (forskotteringsloven) § 4 første leddet bokstav b og § 9 fjerde leddet for å reflektere endringar i andre lover.

Det vises til kapittel 8.2 i proposisjonen der det gjerast greie for gjeldande rett og kapittel 8.3 der vurderingar og forslag frå departementet er nærmare gjort greie for.

1.8.2 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Det foreslåas at endringane trer i kraft 1. januar 2015. Dei vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

1.9 Unntak frå forvaltningsmessig teieplikt i arbeids- og velferdsforvaltningslova § 16

1.9.1 Forslag

Det foreslåas ny heimel i lov 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltninga § 16 fyrste leddet til å gi statlege tilsette ved kontaktsenterenesta i Arbeids- og velferdsetaten tilgang til opplysingar i kommunale sakshandsamingsystem.

Det vises til kapittel 9.2 i proposisjonen der det gjerast greie for gjeldande rett og kapittel 9.3 der vurderingar og forslag frå departementet er nærmare gjort greie for.

1.9.2 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Det foreslåas at endringane trer i kraft 1. januar 2015. Forslaget vil medføre ein estimert meirkostnad på 12 mill. kroner i 2015 og følgjande år. Kostnaden knyter seg til at gjennomsnittleg tidsbruk per førespurnad til kontaktsenterenesta i Arbeids- og velferdsetaten vil auke og at kø-effektiviteten vil verte noko redusert. Det vert lagt til grunn at forslaget vil medføre ein innsparingseffekt for kommunane som minst tilsvarende satsinga. Finansieringa av tiltaket er nærmare skildra i Prop. 1 S (2014–2015) og Prop. 95 S (2013–2014).

1.10 Retting av heimelstilvisningar i konkurslova og dekningslova

Lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv. (lønnsgarantilova) § 1 vart endra med verknad frå 1. januar 2014. Mellom anna vart det gjort nokre redaksjonelle endringar for å gjere samanhengen mellom lønnsgarantilova og lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningslova) § 9-3 tydelegare.

Både lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkurslova) § 67 og dekningslova § 9-3 første leddet nr. 1 viser til ulike føresegnar i lønnsgarantilova § 1. Desse tilvisingane vart ikkje oppdatert samstundes med dei nemnde redaksjonelle endringane i lønnsgarantilova.

Korkje endringa i konkurslova eller endringane i dekningslova inneber nokon materiell endring.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Dag Terje Andersen, Fredric Holen Bjørdal, Lise Christoffersen og Anette Trettebergstuen, fra Høyre, Stefan Heggelund, lederen Arve Kambe, Bente Stein Mathisen og Bengt Morten Wenstøb, fra Fremskrittspartiet, Tor André Johnsen og Erlend Wiborg, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, fra Venstre, Sveinung Rotevatn, og fra Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstø, viser til at fire av forslagene følger av Prop. 1 S (2014–2015) Statsbudsjettet 2015 for områder under Arbeids- og sosialdepartementet. Det gjelder følgende forslag:

- Opphevelse av ordningen med ferietillegg for dagpengene – folketrygdloven §§ 4-14 og 8-49 (kapittel 1.2 i innstillingen)
- Omlegging til standardisert barnetillegg til mottakere av uføretrygd – folketrygdens §§ 12-14, 12-15 og 12-16 (kapittel 1.3 i innstillingen)
- Reduksjon av perioden med rett til overgangsstønad fra tre til ett år – folketrygdlovens § 15-6 (kapittel 1.4 i innstillingen)
- Endringer i lov om supplerende stønad til personer med kort botid i Norge (kapittel 1.7 i innstillingen)

I tillegg fremmes følgende fem forslag:

- Fradrag for merutbetalinger av tillegg etter folketrygdlovens §§ 19-9 og 19-14 femte ledd når en ektefelle det er gitt forsørgingstillegg for, får etterbetalt en egen ytelse (kapittel 1.5 i innstillingen)

- Opphevelse av sanksjonsregelen ved sykmelders brudd på plikt til å delta i dialogmøte (kapittel 1.6 i innstillingen)
- Endringer i forskotteringsloven (kapittel 1.8 i innstillingen)
- Unntak fra forvaltningsmessig taushetsplikt i arbeids- og velferdslovgivningen (kapittel 1.9 i innstillingen)
- Retting av hjemmelshenvisninger i konkursloven og dekningsloven (kapittel 1.10 i innstillingen)

Opphevelse av ordningen med ferietillegg for dagpengene – folketrygdloven §§ 4-14 og 8-49 (kapittel 1.2 i innstillingen)

Komiteen viser til de respektive partiers merknader i Innst. 15 S (2014–2015) Statsbudsjettet for 2015.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre, har ingen merknader og slutter seg til regjeringens forslag.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti støtter ikke regjeringens forslag.

Omlegging til standardisert barnetillegg til mottakere av uføretrygd – folketrygden §§ 12-14, 12-15 og 12-16 (kapittel 1.3 i innstillingen)

Komiteen viser til de respektive partiers merknader i Innst. 15 S (2014–2015) Statsbudsjettet for 2015.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre, viser til budsjettavtalen mellom Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre hvor det er enighet om at ordningen med behovsprøvd barnetillegg i uføretrygden blir videreført.

Flertallet understreker at for å sikre legitimitet til trygdesystemet skal en ikke komme bedre ut på trygd enn lønnsinntekten en hadde før uførhet. Flertallet støtter derfor at det innføres et tak på 95 pst. kompensasjonsgrad brutto, det vil si maks 95 pst. av lønnsinntekt før uførhet.

Flertallet merker seg at omleggingene av barnetillegget harmoniserer med Brochmann-utvalget (NOU 2011:7) og det mindretallsforslaget i Uførepensjonsutvalget (NOU 2007:4) foreslo.

Flertallet fremmer derfor ikke proposisjonens forslag til endringer av Folketrygdloven § 15-6 andre ledd, § 12-14 andre og tredje ledd, § 12-15, samt opphevingen av § 12-16.

Flertallet fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«V

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd, som endras ved lov 16. desember 2011 nr. 59 om endringer i folketrygdloven (ny uføretrygd og alderspensjon til uføre), skal disse endringene gjerast:

§ 12-15 tredje ledd skal lyde:

Barnetillegg påvirkes ikke av at uføregraden er lavere enn 100 prosent. *Dersom uføretrygd tillagt barnetillegg utgjør mer enn 95 prosent av inntekt før uførhet, se § 12-9 første og andre ledd, reduseres barnetillegget. Ved flere barnetillegg fordeles reduksjonen likt på alle barnetilleggene. Barnetillegget prøves deretter mot forsørgerens inntekt, se § 12-16.*

IX

Ikraftsettning. Overgangsreglar.

Endringa i del V trer i kraft 1. januar 2016. Departementet gir forskrift med nærare overgangsreglar for mottakarar av barnetillegg per 31. desember 2015.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti støtter ikke regjeringens forslag.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at regjeringens forslag til store kutt og omlegging fra behovsprøving til standardisert tilskudd i barnetillegget ble lagt vekk etter forhandlinger med Venstre og Kristelig Folkeparti. Disse medlemmer viser til at det fremforhandlede forslaget til ny modell for barnetillegget er en forbedring sett opp mot regjeringens opprinnelige forslag, som ville ført til store inntektsreduksjoner og forverrede levekår for enormt mange uføre med barn.

Disse medlemmer mener at Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstres forslag til ny modell for barnetillegg i uføretrygden ikke har en innretning som understøtter arbeidslinjen og motvirker fattigdom. Disse medlemmer mener forslaget vil få uheldige konsekvenser for økonomien til mange uføre familier med flere barn som i dag allerede lever på, er avhengige av og regner med denne samlede inntekten. Disse medlemmer mener det er urimelig at en ny ordning med samlet tak på uføretrygden og barnetillegget skal gjelde de som i dag allerede mottar uførestønad og barnetillegg, og ikke bare fremtidige tilfeller.

Videre mener disse medlemmer at forslaget til ny ordning ikke oppfyller forutsetningene Brochmann-utvalget la til grunn i sin innstilling (NOU 2011:7 Velferd og migrasjon: Den norske modellens framtid) der det eksplisitt ble vektlagt at en endring i

barnetillegget uten nye utjevnende tiltak vil kunne bidra til forverrede lavinntektsproblemer og sosial eksklusjon av barn. I innstillingen fra utvalget ble det derfor slått fast at dersom man ønsker å endre barnetillegget slik at det, i de tilfellene det er mulig, skaper insentiver til arbeid, samtidig som man ønsker å bekjempe fattigdom, må man erstatte kontantytelsen barnetillegget med målrettede tjenester for barna i målgruppen. Utvalget peker spesifikt på at betaling av barnehage og skolefritidsordning samt målrettet støtte til barns fritidsaktiviteter, er tiltak som bør innføres. På den måten skjermes barn bedre fra konsekvensene av lave familieinntekter, samtidig som integreringen fremmes.

Disse medlemmer understreker at disse forutsetningene for at en endring i barnetillegget vil understøtte arbeidslinjen, føre til integrering og ivareta barns behov overhodet ikke er ivare tatt i regjeringens helhetlige politikk. Tvert imot peker disse medlemmer på at regjeringen i sitt forslag til budsjett både øker kontantstøtten, kutter i antall barnehageplasser, øker maksprisen, foreslår et lavere antall arbeidsrettede tiltak enn disse medlemmer gjør i sitt alternative statsbudsjett, samt kutter i kulturk-ortordningen, noe som går i motsatt retning av å understøtte arbeidslinjen, integrere innvandrere og støtte barn i lavinntektsfamilier. Tvert imot fører regjeringens samlede opplegg til en svekkelse av arbeidslinjen, og at integreringen hemmes. Disse medlemmer mener regjeringens helhetlige budsjett har en usosial innretning, at de foreslåtte endringer i barnetillegget ikke følges av nødvendige støtte-tiltak på andre felt slik Brochmann-utvalget legger til grunn og at endringen derfor vil ramme for mange for hardt. Disse medlemmer støtter ikke regjeringens forslag til endring i barnetillegget.

Komiteens medlem fra Senterpartiet går imot å innføre et tak på uføretrygd for samlet uføretrygd og behovsprøvd barnetillegg på 95 prosent av inntekt før uførhet. Dette fordi endringen rammer økonomisk inntektssvake foreldre med flere barn, altså de som har størst behov for samfunnets be- vågenhet. Alle familier trenger en minsteinntekt til nøk- ternt livsopphold. Samfunnet må stille opp i noen til- feller selv om ytelsene samlet gir større inntekt enn inntekt før uførhet. Uførhet innebærer et så stort tap av livskvalitet og livsmuligheter at det etter dette medlems syn må kompenseres med behovsprøvd barnetillegg uten samlet tak.

Reduksjon av perioden med rett til overgangs- stønad fra tre til ett år – folketrygdloven § 15-6 (kapittel 1.4 i innstillingen)

Komiteen viser til de respektive partiers merknader i Innst. 15 S (2014–2015) Statsbudsjettet for 2015.

Komiteens flertall, medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre, viser til budsjettforliket. På bakgrunn av dette fremmes ikke dette forslaget nå.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti støtter ingen av forslagene til endring og viser til sine respektive partiers merknader i forbindelse med behandlingen av budsjettet, jf. Innst. 2 S (2014-2015), Innst. 2 S Tillegg 1 (2014-2015) og Innst. 15 S Tillegg 1 (2014-2015).

Endringer i lov om supplerende stønad til personer med kort botid i Norge (kapittel 1.7 i innstillingen)

Komiteen viser til de respektive partiers merknader i Innst. 15 S (2014–2015) Statsbudsjettet for 2015.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre, har ingen merknader og slutter seg til regjeringens forslag.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti støtter ikke regjeringens forslag.

Fradrag for merutbetalinger av tillegg etter folke- trygdloven § 19-9 og § 19-14 femte ledd når en ektefelle det er gitt forsørgingstillegg for, får etterbetalt en egen ytelse (kapittel 1.5 i innstillingen)

Komiteen viser til at forslaget om fradrag kun gjelder når perioden det gis etterbetaling for, sammenfaller med en periode der det er utbetalt forsørgingstillegg.

Komiteen har ingen merknader og slutter seg til regjeringens forslag

Opphevelse av sanksjonsregelen ved sykmelders brudd på plikt til å delta i dialogmøte (kapittel 1.6 i innstillingen)

Komiteen viser til Innst. 266 L (2013–2014) til Prop. 102 L (2012–2013), der alle partier ga sin tilslutning til dette forslaget.

Komiteen har ingen merknader og slutter seg til forslaget.

Endringer i forskotteringsloven (kapittel 1.8 i innstillingen)

Komiteen viser til at forslaget kun er av lovteknisk art, har ingen merknader og slutter seg til forslaget.

Unntak fra forvaltningsmessig taushetsplikt i arbeids- og velferdslovgivningen (kapittel 1.9 i innstillingen)

Komiteen viser til at forslaget til unntak fra taushetsplikten gjelder i tilfeller der de statlig ansatte ved kontaktsentertjenesten etter gjeldende lovgivning ikke er i stand til å betjene Nav-brukere med spørsmål som gjelder kommunale ytelser. Tilgang på visse klart avgrensede opplysninger vil gi en bedre tjeneste for brukerne. Komiteen har ingen ytterligere merknader og støtter forslaget.

Retting av hjemmelshenvisninger i konkursloven og dekningsloven (kapittel 1.10 i innstillingen)

Komiteen viser til at forslaget kun er av lovteknisk art.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at disse medlemmer stemte mot innstrammingene i statsgarantien for lønnskrav ved konkurs da dette ble vedtatt i forbindelse med budsjettbehandlingen for 2014 (jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014) fra regjeringen Solberg), men at saken her kun gjelder oppdatering av henvisninger til ulike paragrafer i de to aktuelle lovene.

Komiteen gir sin tilslutning til regjeringens forslag.

3. Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak til lov

om endringer i folketrygdlova og einskilte andre lover

I

I lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs skal § 67 fjerde leddet lyde:

Det skal ikke stilles sikkerhet etter første ledd når konkurs begjæres åpnet av skyldneren eller en arbeidstaker med fortrinnsberettiget fordring etter dekningsloven § 9-3 eller et dekningsberettiget krav etter lønnsgarantiloven § 1 *fjerde ledd nr. 1 og nr. 2 første punktum*.

II

I lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett skal § 9-3 første leddet nr. 1 andre leddet tredje punktum lyde:

Når staten har dekket krav på vederlag som nevnt i bokstav c og d etter den statlige lønnsgarantiordningen, jf. lønnsgarantiloven § 1 *fjerde ledd nr.1*, eller krav som nevnt i lønnsgarantiloven § 1 *fjerde ledd nr. 2*, har statens regresskrav mot boet fortrinnsrett.

III

I lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott skal disse endringane gjerast:

§ 4 første leddet bokstav b skal lyde:

b) barnet får rett til *ytelser etter folketrygdloven kapittel 11, 12, 13, 15 eller 17 som har til formål å sikre inntekt*.

§ 9 fjerde leddet andre punktum skal lyde:

Bidragsfogden kan innhente nødvendige opplysninger fra arbeidsgiver mv. i samsvar med bestemmelsene i barneloven § 70 *sjuende ledd* og folketrygdloven § 21-4 første ledd.

IV

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal disse endringane gjerast:

§ 4-12 tredje leddet skal lyde:

Dagpenger inklusive *barnetillegg* kan ikke utgjøre mer enn 90 prosent av medlemmets dagpengegrunnlag.

§ 4-14 vert oppheva.

§ 8-49 fjerde leddet tredje punktum vert oppheva.

§ 22-8 første leddet nytt fjerde punktum skal lyde:

Tilsvarende gjøres det fradrag for differansen dersom forsørgeren på grunn av forsørgelsen har fått utbetalt et høyere pensjonstillegg etter § 19-9 eller et høyere tillegg etter § 19-14 femte ledd enn vedkommende ellers ville hatt rett til.

§ 25-5 a vert oppheva.

V

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd, som endrast ved lov 16. desember 2011 nr. 59 om endringer i folketrygdloven (ny uføretrygd og alderspensjon til uføre), skal desse endringane gjerast:

Endringa av § 12-15 tredje ledd skal lyde:

Barnetillegg påvirkes ikke av at uføregraden er lavere enn 100 prosent. *Dersom uføretrygd tillagt barnetillegg utgjør mer enn 95 prosent av inntekt før uførhet, se § 12-9 første og andre ledd, reduseres barnetillegget. Ved flere barnetillegg fordeles reduksjonen likt på alle barnetilleggene. Barnetillegget prøves deretter mot forsørgerens inntekt, se § 12-16.*

VI

I lov 29. april 2005 nr. 21 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg skal desse endringane gjerast:

§ 5 skal lyde:

§ 5. *Full supplerande stønad*

Full supplerande stønad skal svare til

- a) minste pensjonsnivå med høg sats for einslege stønadstakarar og for stønadstakarar med ekte-make som ikkje har fylt 67 år
- b) minste pensjonsnivå med ordinær sats for kvar av ektemakane når begge har fylt 67 år.

§ 9 skal lyde:

§ 9. *Låge stønadsbeløp*

Supplerande stønad vert ikkje gitt dersom ytinga ville utgjere eit mindre beløp enn to prosent av full supplerande stønad etter § 5 bokstav a.

§ 13 fjerde leddet skal lyde:

Når supplerande stønad er utbetalt i utlandet i strid med reglane i § 4, skal for mykje utbetalt stønad avreknast månad for månad i ein ny stønadsperiode utan omsyn til om vilkåra for tilbakekrevjing etter første leddet er oppfylte.

§ 21 andre leddet skal lyde:

Departementet kan gi forskrift om tiltak med sikte på å kontrollere at vilkåra i § 4 er oppfylte eller om ein stønadstakar har hatt opphald i utlandet i strid med reglane. Forskrifta kan bestemme at ein stønads-

takar skal møte personleg på det felles lokale kontoret inntil to gonger i året og vise pass eller anna reisedokument.

VII

I lov 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltningen skal desse endringane gjerast:

§ 16 overskrifta skal lyde:

§ 16. *Behandling av personopplysninger ved det felles lokale kontoret og informasjonsdeling med Arbeids- og velferdsetatens kontaktsentertjeneste*

§ 16 nytt anna punktum skal lyde:

Taushetsplikten er heller ikke til hinder for at sentrale opplysninger om individuelle kommunale stønadsaker er tilgjengelige for ansatte ved Arbeids- og velferdsetatens kontaktsentertjeneste.

VIII

I lov 20. juni 2014 nr. 24 om endringer i folketrygdloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (tilpasninger til ny uføretrygd i folketrygden og ny uførepensjonsordning for offentlig tjenestepensjon) del XVI skal desse endringane gjerast:

Endringa av § 5 andre og tredje leddet vert oppheva.

Endringa av § 6 første leddet skal lyde:

Full supplerande stønad skal setjast ned med inntekt hos stønadstakaren sjølv så vel som hos ektemaken. Dersom begge ektemakane har fylt 67 år, skal inntekt hos den eine ektemaken berre inngå ved prøvinga av ytingane til den andre ektemaken med den delen som overstig full supplerande stønad etter § 5 bokstav b.

IX

Ikraftsetjing. Overgangsreglar.

1. Endringane i del I og II trer i kraft straks.
2. Endringane i del III, VI og VII trer i kraft 1. januar 2015.
3. Endringane i del IV trer i kraft 1. januar 2015, med unnatak av endringa av folketrygdlova § 25-5 a, som trer i kraft straks. Opphevinga av folketrygdlova § 4-14 og § 8-49 fjerde leddet tredje punktum får ikkje verknad for ferietillegg som er tent opp før ikraftsetjingstidspunktet. Departementet kan i forskrift gi nærmare reglar om kven endringane gjeld for.

4. Endringa i del V trer i kraft 1. januar 2016. Departementet gir forskrift med nærare overgangsreglar for mottakarar av barnetillegg per 31. desember 2015.
5. Endringane i del VIII trer i kraft straks. Endringane gjeld for stønadsperiodar som tar til i 2015 eller seinare.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 4. desember 2014.

Arve Kambe
leder

Lise Christoffersen
ordfører

